



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		66384/2013/S11	Bengt Endreseth, 958 78 883	04.11.2013

Høyring - Søknad om dispensasjon frå vilkår for konsesjon for bruk av reservegasskraftverket på Nyhamna

Vi viser til brev av 15.10.2013

Grunna kort høyringsperiode med frist 12. november sender administrasjonen framlegget til høyringsuttale til Olje og energidepartementet og ettersender Møre og Romsdal fylkesutval sitt vedtak.

Høyringsfråsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ved ei rekkje høve teke opp spørsmålet om forsyningssikkerheit til Nyhamna. Både med bakgrunn i dagens avgrensa kapasitet inn til Møre og Romsdal, men òg ved at det berre er ei linje, 420 kV, frå Viklandet fram til gassbehandlingsanlegget ved Nyhamna.

Driftssikkerheit for strømforsyninga til Nyhamna er sårbar i dag på grunn av mangel på alternativ forsyning (N-1).

Fylkeskommunen ser alvorleg på at eit utfall av kraftforsyning til Nyhamna vil føre til utfall av gassproduksjonen, og eksporten av gass. Dette er negativt for Norges omdømme som gassleverandør og er også svært negativt for omdømmet til regionen som fasilitator for eksisterande og nye petroleumsaktørar.

Søknaden frå Statnett gjeld dispensasjon frå vilkåra i anleggskonsesjonen for reservekraftverket ved Nyhamna.

Dispensasjon blir søkt for drift av reservekraftverket ved planlagt og ikkje planlagd hending på 420 kV kraftledning Viklandet – Fræna som fører til utkobling av overføringa, og der det ikkje er mogleg å koordinere utkopinga med planlagd driftsstans på Ormen Lange anlegget. Det blir vidare søkt om at dispensasjonen varer inntil 420 kV kraftledning Sogndal - Ørskog er sett i drift.

Etter vår vurdering bør òg utfall av lina/sjøkabel Fræna - Nyhamna omfattast av dispensasjonen for å sikre oppetida på Nyhamna slik NVE tilrår.

NVE føreset i vurderinga si at drift av reservekraftverket blir avgrensa til avbrot og kritisk vedlikehald, ikkje til planlagt utkobling. Vi støttar her Statnett sin søknad, slik vi tolkar den,

å opne for drift av reservekraftverket ved alle planlagde og ikkje planlagde hendingar som fører til utkobling av forsyning fram til Nyhamna.

I samband med dei planlagde utbyggingane av Aasta Hansteen-feltet og Polarled-anlegga, er det vedteke planar for utviding av Nyhamna gassbehandlingsanlegg. Utvidinga vil innebere ein betydeleg auke i kraftforbruket. I dag er effektuttaket på omlag 170 MW, aukande til ca 300 MW når Polarled og Aasta Hansteen blir fasa inn. Olje- og energidepartementet har i den samanhengen bedt rettighetshavarane på Nyhamna om å greie ut om den framtidige kraftforsynings situasjonen ved anlegget. Dette er eit arbeid som det er særskild viktig å få gjort innan anlegget blir sett i drift i 2016.

Det er eit faktum at etablering av kraftlina Sogndal - Ørskog ikkje er tilstrekkeleg for forsyningsikkerheita ved Nyhamna.

Vi meiner at dispensasjon må gjevast til ei langsiktig løysing er på plass.

Fylkeskommunen legg for øvrig til grunn NVE sine vurderingar, og vil leggje vekt på behovet for at gassanlegget til Ormen Lange blir sikra nok kraft til å kunne fungere utan avbrot. Vi vil òg understreke alvorret i situasjonen når det gjeld kraftbehovet. Bygginga av ny overføringsleidning Sogndal - Ørskog må kome på plass i samsvar med oppsett tidsplan.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune legg vekt på at gassanlegget og det framtidige gassknutepunktet ved Nyhamna blir sikra nok kraft til drift.

Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at:

- Det blir gjeve dispensasjon for bruk av reservekraftverket på Nyhamna ved alle planlagde og ikkje planlagde hendingar som fører til utkobling av forsyning fram til Nyhamna.
- Dispensasjon blir gjeve til N-1 løysing, eller anna tilfredsstillande forsyningsløysning er på plass.
- Bygginga av ny overføringsline Sogndal Ørskog må kome på plass i samsvar med oppsett tidsplan

Med helsing


Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann


Bergljot Landstad
regional- og næringssjef